

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 049/21 | Kommunestyret | PS | 16.06.2021 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------|------------|
| Bjørnar Fjellhaug | FE-044 | 21/635 |

Sommarfullmakt til ordfører

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev ordfører sommarfullmakt til å avgjere saker frå 25. juni 2021 til første ordinære kommunestyre etter ferien 23. september 2021. Saker som er avgjort etter fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret som referatsak i møte den 23. september 2021.

Kommunestyret - 049/21 - 16.06.2021

KS - behandling:

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Ved å ha ei slik fullmakt kan ein få avgjort saker som skulle oppstå i sommarferien.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret gjev ordføreren sommarfullmakt til å avgjere saker frå 25. juni 2021 til første ordinære kommunestyre etter ferien 23. september 2021. Saker som er avgjort etter fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret som referatsak i møte den 23. september 2021.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I samband med avvikling av sommarferie må kommunestyret delegere avgjersmynda si til ordfører (varaordfører i ordfører sitt fråvær) for denne perioden. Det har ikkje vore praksis dei siste åra å gje slik mynde, men etter kommunelova §6-1 4. til 6. avsnitt står det:

«Kommunestyret og fylkestinget kan selv gi ordføreren myndighet til å
a) treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning

b) treffe vedtak i hastesaker etter § 11-8 første ledd

c) opprette utvalg som skal forberede saker som ikke har prinsipiell betydning.

Formannskapet og fylkesutvalget kan selv gi ordføreren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.

Ordføreren skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan den delegerte myndigheten er benyttet.»

Delegeringsreglementet skal reviderast og eit nytt og oppdatert reglement vil verta lagt fram til vedtak i kommunestyret over sommaren. Det er naturleg at dette også vert heimla i reglementet.

Vurdering

Inntil det vert gjort endring i delegeringsreglementet bør det gjevast sommarfullmakt til ordførar/varaordførar til å treffa vedtak i hastesaker etter §11-8 første ledd eller saker som ikkje har prinsipiell betydning. Fullmakta gjeld frå kommunestyret tek ferie 24.juni (ekstraordinært kommunestyremøte) til kommunestyret samlast første gong 24. september 2021. Saker som det er avgjort på sommarfullmakt, vert lagt fram for kommunestyret til orientering.

Konklusjon

Kommunestyret gjev ordførar/ varaordførar sommarfullmakt til å avgjere saker frå 25. juni 2021 til første ordinære kommunestyre etter ferien 23. september 2021. Saker som er avgjort etter fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret som referatsak i møte den 23. september 2021.